

# FORELDREINFO MARS 2026

## FAU/SU

FAU møte 17.mars.  
Referatet frå dette finn de [her](#).

Siste SU for året blir den 14.04.



Arbeidslivsfaggruppa på 9.trinn har pynta opp spelerommet på skulen. Kjekt med fargar på veggane! På spelerommet kan elevane spela biljard og bordtennis. Me har og laga eit kortspelrom der dei som ønsker eit rolegare tilbod kan vera i friminutta. Kjekt når elevane har det gildt i lag!

## Ulike sertifiseringar

Vikeså skule er sertifiserte som miljøfyrtårn, og som trafikksikker skule. Det betyr at vi har eit systematisk arbeid knytt til både HMS, bærekraftige løysingar og fokus på begge aspekt inn i undervisninga vår, på alle trinn. Me har bl.a. temadagar knytt til miljø, lager sykkelløyper, øver på å gå i nærmiljøet på ein trafikksikker måte, fokus på energibruk i bygga og utfører omfattande resirkulering. I 2026 håpar me og å starta opp med å gjera uteområdet vårt meir trafikksikkert, og samtidig meir miljøvennleg. Me vil nytta anledninga til å gjera om på avfallshandtering, og laga grønare miljø og på ungdomsskulen. Dette har me tru på blir bra!

Siste sertifisering me arbeider med er å bli sertifisert som dysleksivennleg skule. Her har me det meste på plass, arbeidet mot sertifisering består i hovudsak av systematisering av dei rutine me allereie har.

Sertifisering gjer oss tilgang på rettleiing, kurs og kompetanseheving på ein annan måte og vil gagna elevane på lang sikt. Spennande arbeid!

Me ønsker dykk ei fin påske! Skulen opnar att den 7.april.

Mvh

*Svanhild Gjedrem*

rektor

